

## **Protokoll frå møte i Vest-Telemarktinget 1. desember 2015.**

### **Sak 07/2015 Opprop.**

#### Fyresdal kommune:

Erik Skjervagen, Christin Lindberg Skansen, Tone Irgens Veum, Ketil Kiland.

#### Kviteseid kommune:

Tarjei Gjelstad, Tarjei Draugedal, Halvor Nyland, Øystein Tveit

#### Nissedal kommune:

Halvor Homme, Geir Christian Enger, Ian Parry Jones, Sverre Sæter.

#### Seljord kommune.

Halfdan Haugan, Jon Svartdal, Henry Mæland, Kari-Gro Espeland

#### Tokke kommune:

Jarand Felland, Tone Sofie Dale Solvang, Kjell Magne Grave, Brit Houge.

#### Vinje kommune.

Jon Rikard Kleven, Øystein Høgetveit, Bjørn Arne Lindskog, Anders Sandvik.

Det møtte innleiingsvis 23 representantar, noko som auka til 24 og dermed fulltallig Vest-Telemarkting midtveges i møtet.

### **Sak 08/2015 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent. Jon Svartdal leia møtet fram til val av ny regionordførar, og møteleiinga vart deretter overteke av Erik Skjervagen.*

### **Sak 09/2015 Val av ein person til å skrive under protokollen i lag med regionordførar.**

*Vedtak: Til å skrive under protokollen i lag med regionordførar vart valt: Tarjei Gjelstad.*

### **Sak 10/2015 Val av regionordførar og regionvaraordførar for perioden 2016 - 2017 og fastsetjing av godtgjersle for desse. Val av valnemnd for perioden 2016 - 2017.**

*Vedtak: Som regionordførar for perioden 2016 - 2017 vart valt Erik Skjervagen, Fyresdal og som regionvaraordførar for same periode vart valt Jon Rikard Kleven, Vinje. Begge samrøystes valt.*

*Frå valkomiteen låg det føre forslag om godtgjersle på hhv kr. 40 000,- og kr. 10 000,- pr. år.*

*Halvor Homme foreslo godtgjersle på hhv kr.30 000,- og kr. 5000,-.*

*Halvors forslag fall med 9 mot 14 stemmer, og årleg godtgjersle i perioden 2016 - 2017 vart fastsett til kr. 40 000,- for regionordførar og kr. 10 000,- for regionvaraordførar.*

*Til valnemnd for same periode vart valt Sverre Sæter, Halfdan Haugan og Jaran Felland.*

**Sak 11/2015 Aktuelle saker.**

Vest-Telemarkrådet - "samarbeidsorgan på alle område og alle plan.

Regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggnes orienterte innleiingsvis om bakgrunnen for opprettinga av Vest-Telemarkrådet, korleis dette er organisert og kva for arbeidsoppgåver ein har i regionrådet.

Vidare vart det orientert om tilknytte organisasjonar som Vest-Telemark Næringsbygg, Vest-Telemark Næringsutvikling og Fellesfondet.

Heggnes orienterte også kort om kva som er status for kommunereformen i Vest-Telemark.

Ole Dalen avslutta med å orientere nærare om etablerertenesten og Byregionprogrammet.

E134/Rv36/Rv41 - viktige korridorar for regionen.

Dagleg leiar i E134 Haukelivegen AS, Børge Skårdal orienterte nærare om dei 3 viktige riksvegane E134, Rv36 og Rv41.

Samhandlingsreformen.

Sissel Bitustøyl orienterte om kva som er status i samhandlingsreformen i Vest-Telemark.


*Vedtak: Vest-Telemarktinget tek orienteringane til vitande.*


**Sak 12/2015 Forslag til Arbeidsprogram 2016 – 2017.**

*Vedtak: Forslag til arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2016 – 2017 vart samrøystes godkjent.*

**Sak 13/2015 Forslag til budsjett 2016 for Vest-Telemarkrådet.**

*Vedtak: Forslag til budsjett 2016 for Vest-Telemarkrådet vart samrøystes godkjent.*

  
Erik Skjervagen

  
Tarjei Gjelstad